



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Referat frå møte i Vikøy sokneråd 14.juni 2026 kl.16.30

Opning: Gudrun

Kaffi og noko å bita i: Astrid

Frammøtte: Brynhild, Vetle, Randi, Tove, Solfrid, Helene, Astrid, Erling (på tlf) og Gudrun. Biskop Astrid Jebsen var med på sak 26.

23/26 Godkjenning av innkalling og referat

Vedtak: Innkalling og referat vart godkjende.

24/26 Evaluering og orienteringssaker:

- **Frivilligfest 31.mai** : Det var eit veldig fint arrangement! Ca.50 kom på sjølve festen og ein del fleire på konserten. Tusen takk til staben!
- **Temakvelder haust**: 12.okt.: Jostein Ørum. 23.okt.: Nadia Ansar (i samband med Kvammaveko)
- **Sorggrupper**: Det var infomøte 11.juni. Det kom fire tilhøyrarar. Nytt infomøte 27.aug.

25/26 Søknad frå Grannehjelpa om stønad til sommarfest.

Vedtak: Vikøy sokneråd set stor pris på samarbeidet med Grannehjelpa og ynskjer å støtta med 2000 kr til sommarfesten dette året òg.

26/26 Ikonsaka.

Vedtak: Me hadde besøk av biskopen og drøfta dei ulike punkta: prosess, læringspunkt og kommunikasjonsarbeid.

- **Prosess**: Astrid orienterte om arbeidet i soknerådet med denne saka. Frå idè, samarbeid med Solrunn Nes og bispekontoret, til orientering på årsmøtet i mars. Etter soknerådsmøtet i april og Facebook-innlegget same kveld, har det vore eit stort lokalt engasjement. Soknerådet var midt i ein prosess me ønska å halda fram med: Prøveopphengingar og føredrag med Solrunn Nes. Denne prosessen stoppa etter eit stort engasjement på sosiale media, i dagspresse og i direkte dialog med folk.
- **Kommunikasjonsarbeidet i møte med kyrkjelyden**: Det er vanskeleg å driva infoarbeid i kyrkjelyden – nokre er der ofte og andre sjeldan. Biskopen er usamd i

at ikon ikkje høyrer heime i kyrkja. Svært mange kyrkjer har ikon, og mange som kjem til kyrkjene, gjenkjenner seg i ikona. I Kyrkjebladet som kom ut etter at saka var avslutta, fekk Vetle K. Eide forklart i ein oppklarande artikkel om både bakgrunnen for og arbeidet med å få på plass ikon i Norheimsund kyrkje.

- **Læringspunkt:** Sjølv om det ikkje er gjort formelle feil i saka, er det læringspunkt.
- Det er viktig å forankra det me jobbar med. Me ser at det kunne vore lurt å informera breiare om planane gjennom Kyrkjebladet og til kyrkjelyden på eit tidlegare tidspunkt.
- Det er utfordrande å ha ein god dialog på sosiale media, og soknerådet valde å ikkje halda fram diskusjonen der. Biskop og bispekontoret støtta at Facebook ikkje er ein god stad å ta opp ei slik sak. Facebooksida til kyrkja kan vera ein god plass for informasjon, men nyansane forsvinn lett i diskusjonar. I denne saka kom det fram feilinfo som det var vanskeleg å imøtegå.
- Biskopen sa at ho kanskje ikkje skulle konkludert så raskt, men sikra seg betre at prosessen var godt forankra lokalt. Ho rosa soknerådet for at saka vart teken opp, at me har stått i det trass motstand, og at me tek med oss læringa vidare.
- Soknerådet er det valde organet i kyrkja. Det kan opplevast utfordrande å sitja i det valde organet og jobba med saker, for så å oppleve at beslutningane vert tekne andre stader. Kva gjer det med engasjementet og motivasjonen for soknerådsarbeidet?
- Me må ta vare på det lokale engasjementet og det at mange er glade i kyrkja. Biskopen heldt fram at me må fortsetja å tenkja på det indre livet – kva vil me med kyrkja? Me må ikkje missa gløden. I forlenginga av dette punktet diskuterte me temakveldar for våren 2027. Me ynskjer å ha ein serie med tre temakveldar om **Rom for tru**. Me diskuterte også forslag til føredragshaldarar.

27/26 Møtedatoar til hausten

Vedtak: 25.aug., 29.sept., 27.okt., 24.nov.

28/26 Eventuelt

Tilskot til NØUK: NØUK har spurt om me kan overføra tilskotet på 30.000 kr no i staden for til hausten.

Vedtak: Me overfører pengane, 30.000 kr, til NØUK no.

Gudrun Skeie Langeland, ref.